



DEN NORSKE KYRKJA

Leveld, Torpo og Ål sokneråd

Møtebok

Leveld, Torpo og Ål sokneråd
Ål, Møte 16.6.2026

Møtestart: Kl 16.30 Ål kyrkjestugu
Møteslutt: Kl 18.20

Til stade:

Medlemmer: Liv A. Solberg (Leveld), Inger Haug (Leveld), Kari Kristine Flatland (Torpo), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Arild Øystese Hansen (Ål), Marianne Bergsjø Gammelsæter (sokneprest).

Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål).

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Audun Vestenfor (Ål), Ingrid K. Hajem (Ål).

Opning v/ kapellan Aslak

SAKSLISTE:

SR-sak 26/26: Godkjenning av referat frå møtet 28.4.26 og innkalling 16.6.26

SR-sak 27/26: Velkomst til kapellan Aslak

SR-sak 28/26: Midlar frå Sundagsskulelag

SR-sak 29/26: Frivilligfest 17. september inkl. strategisamtale

SR-sak 30/26: Gudstenesteliste – oppdatering

SR-sak 31/26: Offerliste haust 2026

SR-sak 32/26: Orienteringssaker

SR-sak 33/26: Open post frå sokneprest

Frøydis Stoveland Dekko
Leiar

Kristoffer Krohn Sævre
Kyrkjeverje (sekretær)

SR-sak 26/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 28.4.26 OG MØTEINNKALLING 16.6.26

Saksdokument:

[Møtebok frå møtet 28.4.2026](#)

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 28.4.2026 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 16.6.2026 er lagt fram for godkjenning.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 16.6.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner møteboka frå 28.4.2026.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner innkallinga til møtet 16.6.2026.

SR-sak 27/26: VELKOMST TIL KAPELLAN ASLAK

Saksopplysningar:

Kapellan Aslak Elias Simonsen deltok på soknerådsmøtet 16. juni 2026 for å bli presentert og bli kjent med soknerådet. Han kjem ikkje til å møte fast på soknerådsmøta.

Soknerådet vil ha ein velkomstmarkering av den nye kapellanen på ein gudsteneste tidleg haust, truleg 6. september.

Kapellanen presenterte kort nokre idear og visjonar for komande konfirmantår i tråd med planen for konfirmantopplegget, inkludert pilegrimstur i samarbeid med Hol-konfirmantane. Eit eksempel er å ha med konfirmantane til å arrangere kveldsmesser, og å ha dei med på besøk til eldre, og at dei skal lære nokre salmer, samt lage sitt eige trekors. Det kom innspel om å vurdere nokre færre, men lengre samlingar, bruke leirstad og liknande, samt å bruke trusopplæringsutvalet aktivt.

Det planleggast presentasjon av konfirantar og info for konfirantar og føresette i gudstenesta sundag 20. september. Det vart uttrykt ynskje om å også ha presentasjonsgudstenester i Torpo og Leveld til hausten.

Påmelding til neste års konfirmanter ligg ute på nettsidene: [Konfirantar 2026-2027](#)

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 16.6.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd ynskjer den nye kapellan hjarteleg velkomen til Ål og ser fram til samarbeidet.

SR-sak 28/26: MIDLAR FRÅ SUNDAGSSKULELAG

Saksopplysningar:

Line Aasli Moen har tidlegare år (2019-2020) vore leiar for Ål sundagsskulelag og fekk ansvar for bankkontoane til sundagsskulene i Leveld, Torpo og Ål. Etter pandemien stansa sundagsskulearbeidet opp, men framleis står det midlar på bankkontoane:

Søndagsskole Nordbygdene: Kr 18.605

Søndagsskole Torpo: Kr. 35.957

Søndagsskolen Ål: Kr 1.457

Line ber soknerådet om å ta stilling til bruk av midlane, og foreslår at soknerådet bruker pengane til for eksempel oppstartshjelp til nokon som ynskjer å starte opp att med sundagsskole, eller eit formål knytt til aktivitetar for born. Line ynskjer å sleppe ansvaret med å ha desse pengane, dei gjer ingen nytte for born eller kyrkja ved å berre stå på konto. Soknerådet bør ta stilling til bruk av pengane, og pengane bør enten overførast til rett konto, eller så bør det definerast ny ansvarleg for bankkontoane. Trusopplæringsutvalet kan gjerne inviterast til å kome med innspel.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 16.6.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd takkar Line Aasli Moen for henvending. Soknerådet ber trusopplæringsutvalet om å kome med forslag til korleis midlane kan brukast til nytte for kyrkjas arbeid for barn og unge. Soknerådet foreslår at midlane overførast til gjevarkontoen for barn og ungdom og at pengane står til disposisjon til etter eit vedtak er fatta om bruken. Soknerådet ber kyrkjevevja om å ordne detaljane rundt ein slik overføring i dialog med Moen.

SR-sak 29/26: FRIVILLIGFEST 17. SEPTEMBER INKL. STRATEGISAMTALE

Saksopplysningar:

Soknerådet og staben planlegg frivilligfest 17. september kl 17. Det er behov for å planlegge innhald og gjennomføring, og soknerådet bes om å definere namn. Soknerådet nemnte nokre mogelege namn som stab/komité kan vurdere. Det treng ikkje vere eit tungt foredrag, men gjerne noko som lyfter blikket, til inspirasjon for frivillige og stab.

Initiativet frivilligfest starta som ein takk frå stab til frivillige – er det aktuelt å be staben om å stå for namn og arrangering? I diakoniplanen står det at staben er ansvarlege.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 16.6.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd ber staben om å stå for arrangering og gjennomføring av frivilligfesten.

SR-sak 30/26: GUDSTENESTELISTE - OPPDATERING

Saksopplysningar:

Soknepresten presenterte oppdatert versjon av gudstenesteliste for hausten 2026.

Det er planlagt 3 kveldsmesser denne hausten som eit eige konsept.

Merk: 11. oktober vert det kveldsmesse i Leveld, ikkje Ål – det kom feil i kyrkjebladet. Det vil kome retting på nettsider og facebook når det nærmar seg.

Lys vaken planlagt 8. november.

Lysmesse i Torpo 27. november

27. desember (romjulssundag) er ikkje avklart. Handlar om ressursar.

Soknerådet kommenterer at Torpo ikkje har gudsteneste på 2 månader. Er det aktuelt å vurdere to gudstenester 13/9 kl 11 på Torpo? Eller kan kveldsmesse i september vurderast opp imot behovet for å ha gudsteneste regelmessig på Torpo? Vurder om ein kan bytte ut høgmesse med f.eks taize-messe som kan gjennomførast utan prest, men leiast av diakon. Opp til prost/sokneprest og kyrkjeverje å ta stilling til.

Det vart stilt spørsmål om gudstenestelista skal vedtakast av soknerådet, eller om det er kun til orientering. Hovudansvaret for gudstenester er lagt til presten, i tråd med biskopens forordning. Soknerådet skal vedta strategiar og organiserte aktivitetar knytt til gudstenesteliv, så slik sett er det ein dialog å lande gudstenesteplan og eit ideal å einast om planen.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 16.6.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd takkar for informasjonen.

SR-sak 31/26: OFFERLISTE HAUSTEN 2026

Saksopplysningar:

Soknepresten presenterer forslag til offerliste for hausten 2026.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 16.6.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål vedtek offerlista for hausten 2026 og ber staben setje det inn i gudstenestelista.

SR-sak 32/26: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

- 1) Diakon Børge Bekkestad skal vigslast i gudstenesta 23. august. Biskopen kjem til å ta del i vigslinga. Soknerådet tek ansvar for utvida kyrkjekaffi i kyrkjestugu. Diakonen vil inviterast til å ta del i soknerådsmøtet 13. oktober som del av ein ynskja diakoniplan-revidering.
- 2) Biskop Jan Otto Myrseth går av med pensjon og det skal tilsettes ny biskop. Bispedømmerådet vil presentere ein tidsplan. Opne namneinnspel kan sendast inn innan 19. juni. 4. november vert frist for avstemming, soknerådet vil få det på agendaen komande haust. 3. desember blir det endeleg avgjort.
- 3) Kyrkjevevjerforumet har innsett at me ikkje har ein oppdatert praksis når folk melder seg inn i kyrkja. Kyrkjevevjerene er einige om å lage eit oppdatert velkomstskriv med info om kyrkja og aktivitetar som sendes til alle som melder seg inn i Den norske kyrkje.
- 4) Me har gått tom for Ål kyrkje-brosjyrar som ligg i våpenhuset, og det er samtidig behov for å oppdatere brosjyra. Staben vil hente inn tilbod på jobben med å lage og produsere ny brosjyre.
- 5) Vedtak om prostisamanslåing: [Vedtak om prostistruktur - Tunsberg bispedømme](#)
Eiker prosti blir avvikla som prosti. Sandefjord og Larvik slås saman. Hallingdal prosti består.
- 6) Leiarforum møttest 9. juni og diskuterte mellom anna felleskyrkjeleg møtehelg 13.-15. november med Egil Svartdahl. Fleire prestar vil delta. Det er også plan/ynskje om Alpha-kurs til våren – det vert sett opp som sak i soknerådet til hausten, om mogeleg i augustmøtet.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 16.6.2026

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringane.

SR-sak 33/26: OPEN POST FRÅ SOKNEPRESTEN

Saksframlegg:

Soknepresten har ein fast open post i soknerådsmøta og delte frå mange fine hendingar siste vekene med konfirmasjonar, folkemusikk-gudsteneste m.m.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 16.6.2026

VEDTAK:

Soknerådet takkar soknepresten for orienteringane.

Neste møte: 18. august 2026